

Forskrift om feie- og tilsynsgebyr, Stryn kommune, Vestland fylke

Heimel: Vedteke av Stryn kommunestyre dd. mmmm 2019 med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28 og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannførebygging § 17.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å gi Stryn kommune grunnlag for å dekkje sine utgifter i samband med gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova § 11 første ledd bokstav h. Tenesta skal prisast i tråd med sjølvkostprinsippet.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld feiing og tilsyn av alle byggverk med fyringsanlegg i Stryn kommune, i samsvar med forskrift om brannførebygging.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta tyder:

- a) Eigar: Den som har heimel i grunnboka til byggverk som er omfatta av feie- og tilsynsordninga.
- b) Byggverk: Bygningar, konstruksjonar og anlegg.
- c) Fritidsbustad: Byggverk som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. I tvilstilfelle avgjer kommunen kva som skal reknast som fritidsbustad.
- d) Fyringsanlegg: Omfattar eldstad, sentralvarmekjele eller liknande der varme vert produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusive røykkanal og eventuelt matesystem for brensel.
- e) Røykkanal: Røykkanal omfattar heile kanalen for røykgass frå firingseining til utslepp i atmosfæren, og omfattar røykrør frå eldstad til skorstein. Skorstein er den vertikale delen av røykkanalen, og kan innehalde fleire vertikale røykkanalar.
- f) Skorstein: Ein kanal av murverk, betong eller stål til å føre bort røykgass frå fyringsanlegg og tilføre luft for å vedlikehalde forbrenning.

§ 4. Gebyr

Gebyret skal dekkje kommunen sine utgifter ved levering av feie- og tilsynstenesta.

Det skal innkrevjast gebyr frå eigar av byggverk med eit eller fleire fyringsanlegg, uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje. Fullt årsgebyr kan tidlegast krevjast frå og med månaden etter at bruksløyve kan gjevast, eller etter at innflytting skjer.

Gebyret skal vera årleg og gebyrsatsane blir fastsette kvart år av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet. Gebyrplikta er ikkje knytt opp mot tidspunktet for feiing eller tilsyn.

Gebyret per byggverk vert fastsett etter tal på røykkanalar tilknytt byggverket, samt hyppigheit for feiing/tilsyn gitt ei risikovurdering.

Dersom det ikkje er køyrbar veg fram til byggverket kan abonnenten belastast eit tillegg i det ordinære gebyret. Ved tvist om ein veg er køyrbar er det synet til kommunen som er avgjerande. Tillegget kjem fram av gebyrregulativet.

Kommunen kan differensiere gebyret for fritidsbustadar.

Særskilt gebyr kan innkrevjast i tilfelle kor feiar etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid, ikkje har fått tilfredsstillande tilgang til fyringsanlegget, eller fordi eigar ikkje har vore til stades og/eller ikkje har lagt forholda til rette for tilgang.

Krav på gebyr etter brann- og eksplosjonsvernlovas § 28 er tvangsgrunnlag for utlegg og kan krevjast inn av skatteoppkrevjaren etter reglene for innkrevjing av skatt.

§ 5. Plikter hjå eigar

Eigaren av eit byggverk skal melde frå til kommunen når det vert installert ny eldstad eller gjort andre vesentlege endringar av fyringsanlegget. Eigar av byggverk skal òg melde frå til kommunen dersom det har vore brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til fyringsanlegget.

Det er eigar sitt ansvar å halde fyringsanlegget i orden til ei kvar tid. Dersom det vert oppdaga feil på anlegget, som vesentleg aukar risikoen for brann, skal anlegget stengast for bruk dersom feilen ikkje vert utbetra omgåande.

Etter å ha mottatt eit varsel om feiling og tilsyn, skal eigar syte for at feiar har tilfredsstillande tilgang til heile fyringsanlegget og at nødvendig utstyr er tilgjengeleg.

Eigar skal syte for sikre og gode arbeidsforhold for feiar. På tak som har ei helling og høgde som gir fare for høge fall, må det monterast standardisert stige eller sørgjast for likeverdig sikring i tråd med kommunen sitt HMS-reglement.

Eigar må gi beskjed innan fastsett frist om utsetjing av feiling eller tilsyn. Fristen kjem fram av gebyrregulativet.

§ 6. Plikter hjå kommunen

Kommunen skal syte for feiling av fyringsanlegg etter behov.

Feinga skal utførast på ein fagleg tilfredsstillande måte, som medfører minst mogleg ulempe for eigar.

Feiaren skal syte for at all sot etter feiling vert fjerna og frakta til eigna stad.

Kommunen skal syte for tilsyn med fyringsanlegg etter behov.

Etter brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til fyringsanlegg, skal kommunen syte for at det vert ført tilsyn med fyringsanlegget i etterkant. Gebyret vert fastsett etter sjølvkostprinsippet og kjem fram av gebyrregulativet.

§ 7. Gebyrfritak

Kommunen kan etter skriftleg søknad gi fritak frå å betale gebyr.

Gebyrfritak vert gitt dersom fyringsanlegget ikkje er i bruk over tid. Det må vere eit fysisk skilje mellom eldstad og skorstein/røykkanal.

Det er eigar, gjennom søknad om gebyrfritak, som er ansvarleg for å gje melding til kommunen at fyringsanlegget ikkje lenger er i bruk. Kommunen må godkjenne søknaden før gebyrplikta fell bort. Gebyrfritak for inneverande år må vere godkjent av kommunen innan ein frist som kjem fram av gebyrregulativet.

Eigar skal varsle kommunen omgåande dersom fyringsanlegget vert teke i bruk igjen.

§ 8. Andre tenester

Dersom eigar ønskjer feiling eller tilsyn ut over det som er lovpålagt, til dømes inspeksjon/filming av skorstein, må eigar sjølv ta kontakt med feiarvesenet i Stryn kommune. Stryn kommune fastsett pris på eventuelle tilleggstenester etter sjølvkostprinsippet.

§ 9. Klage

Klage på vedtak gjort i medhald av denne forskrift framsetjast skriftleg til Stryn kommune. Klagebehandling knytt til gebyr vert gjennomført av kommunen.

Saksbehandlinga ved klager følgjer avgjerda gitt i eller i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova og forvaltningslova.

§ 10. Handheving og sanksjoner

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjoner skal finne stad i samsvar med kapittel 7 i brann- og eksplosjonsvernlova.

§ 11. Ikraftsetjing

Forskrifta gjeld frå 1. januar 2020.